

# Medlemskap Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

.....kommune

## Kvifor bør kommunen bli medlem av Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane?

Å bygge kultur for entreprenørskap gir fordeler for unge som skal inn i arbeidslivet, for skulane, for næringslivet, for kommunane i Sogn og Fjordane og for velferdsstaten Norge. Vi kommer til å trenge folk som evner å skape sosiale, kulturelle og økonomiske verdiar framover. I dette perspektivet er livsmeistring og bærekraft sentrale element. Dette samsvarer med fagfornyinga i skulen når dei nye læreplanane vert innførte hausten 2020.

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane er i hovudsak finansiert gjennom statlig støtte, fylkeskommunale midlar samt lokalt arbeids- og næringsliv i tillegg til dei 7 kommunane som har teikna medlemskap. I dei fleste fylker bidrar kommunar økonomisk til Ungt Entreprenørskaps fylkesledd. Dette sikrar leveransar av entreprenørskapsaktiviteter og kultur i kommunen sine grunnskular. Det er ikkje uvanleg i andre UE fylkesledd å takke nei til dei kommunar som ikkje deltek i spleiselaget. Ved å inngå avtale med UE Sogn og Fjordane er kommunen automatisk medlem i foreininga, og kan påverke via årsmøter.

## 1.1. Denne samarbeidsavtalen har som formål å bidra til auka bevisstgjerung, satsing og struktur på entreprenørskap i utdanninga for alle grunnskulane i kommunen.

**Som medlem av Ungt Entreprenørskap vil kommunen støtte arbeidet i Sogn og Fjordane med å:**

- Styrke ungdom sin evne og kompetanse til å meistre framtida
- Vere ei drivkraft for verdiskaping og nyskaping
- Bidra til skaping av livskraftige lokalsamfunn
- Vere ein langsiktig samarbeidspartnar i spennet mellom utdanning og arbeidsliv
- Lære barn og unge å samarbeide
- Skape møteplassar og bygge nettverk lokalt og nasjonalt
- Gje ungdom moglegheiter til å utvikle kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv.
- Motivere ungdom til å skape verdiar

## 1.2 Dette er UE Sogn og Fjordane sitt ansvar.

- UE Sogn og Fjordane er innhaldsleverandør og pliktar å levere opplæring/kompetanseheving for tilsette i entreprenørskap som læringsstrategi.
- UE Sogn og Fjordane skal årleg i samråd med kommunen utforme ein plan for opplæring i bruk av våre metodar/verktøy for lærarar og leiarar .

- UE Sogn og Fjordane pliktar seg til å implementere samarbeidet med kommunen i UE Sogn og Fjordane sine handlingsplaner og strategiplanarbeid.
- UE Sogn og Fjordane vil invitere til årlige dialogmøter for kommunen.
- UE Sogn og Fjordane tilbyr gratis programmaterieil til skular som melder seg på programma.
- UE Sogn og fjordane vil ikkje belaste for arbeidstid/reisekostnader nytta til arrangement i den einskilde kommune dersom anna ikkje er avtalt på førehand

### 1.3 Dette er .....sitt ansvar.

- .....kommune forpliktar seg til å jobbe aktivt for at eigne skular blir aktive brukarar av UE Sogn og Fjordane sine program, kurs og aktivitetar.
- .....kommune har ansvar for at skular og lærarar registrerer aktivitet og gir tilbakemelding til UE Sogn og Fjordane innanfor de rammer og tidsfristar som til einkvar tid er gjeldande.
- -----kommune pliktar seg til å betale årlig samarbeidsbidrag etter gjeldande satsar.
- -----kommune dekker materiellkostnader i forbindelse med andre entreprenørielle tiltak i samarbeid med UE Sogn og Fjordane utover det eksisterande programtilbod.
- -----kommune deltar i dialogmøte med representantar for rådmann, næring, oppvekst og politisk leiing.
- -----kommune utnemner entreprenørskapskontakt mellom Ungt Entreprenørskap og kommunen .

### 1.4 Samarbeidsbidrag og fakturering

- -----kommune pliktar å yte årleg samarbeidsbidrag etter fordelingsnøkkel vedtatt på årsmøtet i UE Sogn og Fjordane.
- UE Sogn og Fjordane sender årleg ut faktura pålydande regulert samarbeidsbidrag.
- Samarbeidsavtalen er løpande og gjeld frå januar 2019 med ei gjensidig oppseiingstid på 6 månader.

Ved endringer i kommunestruktur, til dømes ved en kommunesamanslåing, vil samarbeidsavtalen ikkje lenger vere gjeldande. I tilfelle vil UE Sogn og Fjordane og den nye kommunen starte dialog om ny samarbeidsavtale.

Holger Aasen

-dagleg leiar-

-rådmann-